

Førde, 10.12.2012

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Nytt utbyggingsalternativ for Breim kraftverk i Gloppen

Vi viser til høyringsbrevet dykkar av 17.10.2012, til sakspapira som vi har lasta ned via nettet, og til dei tidlegare fråsegnene våre i denne saka. Dei tidlegare fråsegnene våre gjeld framleis, denne fråsegna omhandlar hovudsakleg det nye utbyggingsalternativet.

Generelle kommentarar til nytt utbyggingsalternativ C:

Vi er glade for at det no omsider er konsesjonssøkt eit utbyggingsalternativ der utløpet frå kraftstasjonen er lagt eit stykke på oppsida av Seime bru. Dette alternativet tilfredsstiller etter vårt syn kravet til alternativ utbyggingsløyising i NVE sitt konsekvensutgreiingsprogram av 14.07.2010.

Frå vår side må vi jo vere så ærlege å seie at vi ikkje ønskjer ei slik utbygging av Storelva. Utbygginga er for stor, og går altfor langt i retning av (nesten) tørrlegging av elva. Vi er ikkje heilt mot utbygging, men skulle heller sett at det blei gjennomført ei stor småkraftutbygging med nedgraven røyrgate. Noko liknande (det frå første dag lønsame) Hjelle kraftverk lenger oppe i vassdraget, men med større produksjon. Ei slik mindre utbygging ville bruke ein mykje mindre del av vatnet i vassdraget, slik at mykje framleis ville vere att, ein stor fordel for mellom anna fisk og landskap. Vi trur også at ei slik mindre utbygging vil vere betre og mindre risikofylt for utbyggarane. Men det vil vise seg etter kvart, viss det blir gitt konsesjon, og utbygginga vert gjennomført.

Men når det som står ovanfor er sagt, så må vi også seie at Alternativ C er **mykje** betre og mindre kontroversielt enn dei tidlegare – fullstendig uakseptable – alternativa. Alternativ C er eit stort steg nærare det som er akseptabelt – under føresetnad av at minstevassføringa vert auka til 5-persentil sommar og vinter. 5-persentilar som minstevassføring er no det mest vanlege for elvekraftverk!

Vi merkar oss at utbyggingsprisen pr. kWh for Alternativ C ligg på om lag akkurat same nivå som for Alternativ A, slik at for utbyggarane skulle C-alternativet vere fullt ut tilfredsstillande. A-alternativet burde alt no vorte skrinlagt. For NVE kan det berre vere Alternativ C – eller ei enda mindre utbyggingsløyising - som er aktuell å vurdere med tanke på å tilrå ein eventuell konsesjon!

Kommentarar til utbyggingsløyisinga for Alternativ C:

Dam og inntak: Ved utforminga av dam og inntak, må det leggjast vekt på at tilhøva vert lagde til rette for at fisken i elva skal kunne passere dammen både oppover og nedover. **Tiltaka må vere slik at ein ikkje risikerer at småfisk går gjennom turbinane i staden for nedover elva.** Vi meiner å ha sett at det er fullt mogeleg å iverksette ganske effektive slike tiltak, men dette veit heilt sikkert fagfolk i NVE svært mykje meir om enn det vi gjer! **NB! Vi ber NVE om å krevje gjennomføring av etterundersøkingar av om tiltaka for at fisk kan passere dammen, og av at småfisk ikkje går gjennom turbinane, er effektive.** Viss tiltaka ikkje er effektive nok, må det – etter at eventuell konsesjon er gitt - kunne stillast krav om forbetringar av tiltaka slik at dei blir gode nok!



Vi ber vidare om at det vert lagt til rette for at elvepadlarar skal kunne passere dammen. Vi tenkjer oss at dette kan/må skje ved at toppen på ein del av dammen er nedsenka, slik at det blir lettare å passere. Kvar i dammen denne nedsenkinga skal vere for å fungere optimalt, må elvepadlarane sjølve uttale seg om, etter synfaring. Vi går ut frå at Norges Padleforbund, sjå: <http://www.padling.no/Sider/default.aspx>, kan formidle kontakt med aktuelle personar. (Den erfarne elvepadlaren vi har hatt kontakt med, sjå lenger nede i fråsegna, kan sikkert også uttale seg.)

Tunnelløysing: Vi har ikkje spesielle synspunkt. Dette veit vi at NVE vurderer!

Kraftstasjonen: Med den svært låge minstevassføringa som er konsesjonssøkt, **må installering av omløpsventil i kraftstasjonen vere eit absolutt krav!** Dette for å hindre stranding av fisk i elva nedstrøms utløpet, ved bråstopp av kraftstasjonen. Elva nedanfor kraftstasjonen er så viktig for fisk, at det ikkje er tvil om at det må krevjast omløpsventil! Viss minstevassføringa vert auka kraftig, minimum til 5-persentilane sommar og vinter, er det kanskje mogeleg (vi er sterkt i tvil om det er forsvarleg,) at omløpsventil kan sløyfast. **Vi ber NVE vurdere dette grundig!**

Utløpet frå kraftstasjonen: Utbyggerane ønskjer å kanalisere ei strekning på opptil 150 m i Stor-elva for å senke undervassstanden i kraftverket inntil 1,5 m. Vi er kritiske, men er i tvil om kor kritiske vi skal vere, og kor store inngrepa som følgje av dette tiltaket vil bli. Vi ber NVE vurdere om, og korleis, ei slik kanalisering eventuelt kan tillatast.

I konsesjonssøknaden er det opplyst at: *"Det vil bli lagt til rette for opp-/nedvandring av fisk på siden av den kanaliserte elvestrekningen, slik at det ikke blir etablert et nytt vandringshinder i Storelva."* Dette er positivt. Men ettersom vassføringa på den kanaliserte strekninga ut frå kraftstasjonen normalt vil vere **mykje** større enn på den strekninga ved sida av den kanaliserte strekninga der det er meininga at fisken skal vandre, er det vel ein betydeleg fare for at størstedelen av fisken vil vandre inn i "blindgata" oppover i retning kraftstasjonen i staden for å vandre vidare oppover elva. Faren for dette vil vel bli større og større dess lågare minstevassføringa i elva er. Vi ber NVE om å vurdere desse spørsmåla, og å ta storleiken på minstevassføringa inn i desse vurderingane. **Også her ber vi NVE om å krevje etterundersøkingar der det er mogeleg å pålegge nye avbøtande tiltak!**

Bruk og deponering av tunnelmassar: Når det gjeld kvar tunnelmassane skal plasserast, har vi ikkje sterke synspunkt. Der bør NVE lytte mest til dei som er detaljert lokalkjende, i tillegg til at de gjer dykkar egne vurderingar. Viss massane vert plasserte der utbyggerane har skissert, er det viktig at kantvegetasjonen langs elva vert teken vare på, slik som nemnt i tilleggssøknaden. Vi ber vidare om at det **vert vurdert å pålegge utbyggerane å lage ein enkel gangveg/-sti langs elva som vert samanhengande på strekninga mellom vegen like nord for Seime bru og Breimshallen.** Vi trur ein slik gangveg/-sti vil verte ein attraktiv og god "snarveg" fram til Breimshallen, og ein fin "fredelig" turveg eit stykke unna hovudvegen. Ein eventuell slik turveg/-sti kan med fordel leggjast på ein avsats som er litt lågare enn den dyrka marka på oppsida. Då vil den bratte kanten som deponiet får ned mot elva verte dempa, samstundes som vegen/stien vert betre skjerma. (NB! Vi har ikkje undersøkt den lokale interessa for ein slik veg/sti, men håpar at den er/blir til stades.)

Når det gjeld sedimentasjonsbasseng/-grøft i tilknytning til deponiet, er dette viktig både for fisken i elva og elveosen, og for drikkevassinntaket i Breimsvatnet nær elveosen. Dette må lagst skikkeleg!

Nokre kommentarar om friluftsliv:

Frilufsinteressene i utbyggingsområdet er først og fremst knytte til fiske og elvepadling. Men vanleg turgåing vert sjølvsagt også praktisert i området, mellom anna i tilknytning til campingplassen. Omfanget på slik turgåing har vi dessverre ikkje kjennskap til

Når det gjeld **fiske**, så skal vi ikkje skrive så mykje om det, dette har NVE heilt sikkert fått kunnskap om på andre måtar. Det som er klårt, er at C-alternativet er mykje betre for fiske enn dei tidlegare utbyggingsalternativa, det er det ingen som helst tvil om!

Når det gjeld **elvepadling**, har vi vore i E-postkontakt med den erfarne elvepadlaren Henry Ruud, henry-ru@online.no. Han er busett i Sogndal, og har sidan ca. 1995 har vore aktiv padlar i mellom anna Storelva og Jølstra. Han har gitt meg løyve til å vidareformidle E-postadressa hans, slik at NVE (og organisasjonar) kan stille han spørsmål om elvepadling. Her er hans svar på mitt spørsmål om kor viktig Storelva er for padling:

"Når det gjeld kor viktig Storelva er for padling, lyt det bli ei noko subjektiv vurdering, då det ikkje finst noko statistikk eller talmateriale rundt dette. Eg registrerar at i konsekvensutgreiinga om friluftsliv blir området vurdert til å ha middels verdi. Eg må seie meg sterkt usamd i dette. Elvestrekninga det søkast konsesjon for, nyttast jevnleg av padlarar frå Sunnmøre, Bergen og Voss, samt frå vårt eige fylke. Dette er både i organisert regi gjennom ulike klubbar, og på eige initiativ som reint friluftsliv. I tillegg til dette kjem alle som vitjar oss frå utlandet for å oppleve dei unike vassdraga våre. Eg ber deg legge merke til kva reiselivs-portalen FjordNorway skriv om elvepadling på vestlandet (<http://www.fjordnorway.com/no/AKTIVITETER/Sports-og-friluftaktiviteter/Kajakk/Elvepadling-i-Fjord-Norge/>), og at verdskjente Jens Klatt og Olaf Obsommer har skrive eigen bok om padling i Noreg. Eg har lagt ved ein elektronisk versjon av boka. Du finn omtale av Jølstra på side 89 og Storelva på side 90. Eg meiner ein trygt kan seie at begge desse vassdraga sin betydning går langt ut over landegrensene, og at å vurdere verdien til middels, i beste fall er kunnskapslaust."

Når det gjeld den internasjonale elvepadleguiden for Noreg som han viser til i sitatet ovanfor, har vi i Vedlegg 1 laga eit utdrag som inneheld framsida og side 89 – 91. Viss NVE ønskjer å få tilsendt heile guideboka, ber vi om tilbakemelding. (Den kan jo vere nyttig i andre konsesjonssaker.)

Det finst også ein norsk padleguide laga spesielt for Sogn og Fjordane. Også den kan vi skaffe NVE ein elektronisk kopi av, om ønskeleg. Vi har ikkje lagt ved kopi av det som gjeld Storelva, fordi informasjonen er om lag den same som det som står på engelsk i Vedlegg 1.

Både Henry Ruud og vi sjølve, er opptekne av **sumverknadar av mange utbyggingar**. Her er hans kommentar til at vi tok opp sumverknadar med han:

"Det er strålende at du tek opp sumverknader for elvepadling her. Elvepadlarar reiser ekstremt mykje for å drive aktiviteten sin. Om ein vitjar eit område, er det for å padle så mange elvar som mogeleg. I dette området vil det til dømes være: Jølstra, Anga, Storelva, Bøya og Sogndalselva. Om ein, eller to, av desse fell vekk er det ingen tvil om at regionen ikkje vil være verdt besøket for ei stor gruppe. Dette kan kan sjøvsagt skalerast opp til å gjelde heile Vestlandet, og gjerne heile Noreg. Kan hende vi treng å syne litt omtanke for omdømmet vårt i landa rundt oss og resten av verda."

Vår kommentar: Det er spesielt verd å merke seg det Ruud skriv om bruken av eit område med fleire elvar. Dette betyr at kvar einskild elv i eit område ikkje berre har ein verdi som padleelv i seg sjølv, men elva er også med på å auke verdien av dei andre elvane i det same området. **Viss Storelva skulle bli bygd ut på ein slik måte at den ikkje lenger kan brukast som padleelv, vil dette vere med på å redusere verdien av kvar av dei andre padleelvane i området også.** Viss 2 padleelvar i området skulle bli utbygde, blir dette enda mykje verre igjen for dei attverande elvane! Og planane

for kraftutbygging i padleelvar i Sogn og Fjordane er jo mykje verre enn dette. I tillegg til Storelva kan vi nemne desse elvane (kanskje/truleg er det fleire):

- Jølstra i Jølster kommune. Svært viktig rafting- og padleelv.
- Sumelvi i Veitastond i Luster. Elvepadling.
- Stardalselva i Jølster. (Høgre oppe i Breimvassdraget enn Storelva.) Rafting og elvepadling.
- Bøyaelvi (Storelvi) i Fjærland. Elvepadling.

Det er heilt klårt at sumverknadane for elvepadling vil verte svært store negative viss fleire, eller i aller verste fall alle, desse 5 elvane (medrekna Storelva i Breim) vert utbygde! Både Sogn og Fjordane og nabofylka i nord og sør, vil få sterkt redusert verdi for elvepadling som følgje av dette! Og det er i praksis berre NVE som kan hindre at det vil skje! (Det veit de sjølvsagt!)

I Konsekvensutgreiinga for Friluftsliv og Reiseliv, i punkt 4.4.4 Vannsport på side 19 og 20, og på side 21, står det ei relativt bra omtale av elvepadling. Den samla verdien som fleire elvar i det same området har, er der stadfesta og omtala som ei ”klassisk elvepadler-rute”. Den omfattar elvar i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Når det gjeld sumverknadar, går det der fram at i Sogn og Fjordane vil utbygging av Jølstra vere det aller verste både for elvepadling og rafting. Men utbygging av Storelva (i Breim) vil vere ille for elvepadling det og! Den er ei viktig padleelv!

Nokre aktuelle avbøtande tiltak for friluftsliv:

Turgåing og fiske: Vi har alt nemnt at det bør byggast ein turveg/-sti langs elva frå vegen like nord for Seime bru og til Breimshallen. Eit anna aktuelt tiltak er:

- Tilrettelegging av fleire turstiar/fiskestiar langs elva. Dei som er aller mest lokalkjende er dei som er best kvalifiserte til å kome med ei tilråding om kvar desse stiane skal vere. Eit framlegg frå vår side, kan vere ein samanhengande sti på sørsida av elva på strekninga mellom Seimebrua og Rådabrua.

Elvepadling: Viss det skulle bli utbygging, er det viktig at Storelva ikkje blir fullstendig øydelagd for elvepadling, men at det blir opna for padling gjennom slepping av nok vatn i sesongen.

Den erfarne elvepadlaren Henry Ruud skriv dette til oss om mellom anna avbøtande tiltak:

”Eg er glad for å lese at du omtalar elvepadling som friluftsliv. Det er akkurat det det er! I likskap med andre former for friluftsliv er elvepadling sterkt tufta på naturopplevingar. Variasjonar i vær, føre og andre tilhøve gjer at fjellturar og skiturar aldri blir heilt like. På same vis vil ei elv der naturlege variasjonar er fjerna, være nær verdlaus i høve friluftsliv. Det er svært vanskeleg å finne avbøtande tiltak som ivaretek dei naturlege variasjonane. Slik eg ser det, er ei svært høg minstevassføring på dagtid i sommarhalvåret det beste tiltaket. Det vil og ivareta det reint estetiske, elva som landskapselement og være positivt i høve turisme.”

Utbyggerane har kome med tilbod om å sleppe nok vatn til padling ein laurdag i månaden, altså i til saman 5 dagar i løpet av sesongen. Det er eit konstruktivt framlegg, men dessverre altfor lite til å kunne oppretthalde ein brukbar padleaktivitet i elva.

Henry Ruud har (så vidt eg veit utan å kjenne utbyggerane sitt tilbod) framlegg om følgjande: ”Nok vatn for elvepadling sleppast på dagtid (t.d. 10-18) laurdagar og søndagar i perioden 15.05 til 01.10.”



Om kva som er "nok vatn" opplyser Ruud om sine erfaringar at:

"Eg har alltid brukt målarer som står ved Teita bru, og ein vasstand mellom 1.4 og 1.7 er svært eigna for padling i elva. Naturleg variasjon opp til ein vasstand på 1.7 på denne målarer vil fungere fint."

Kor mykje ein vasstand mellom 1,4 og 1,7 på målarer ved Teita bru er i m³/sek, går vi ut frå at NVE kan finne ut av. Når vasstanden er mellom desse nivåa, betyr det at kraftstasjonen må stengast i dei aktuelle periodane for at det skal bli nok vatn til padling. Viss vasstanden ved Teita bru er over 1,7, kan kraftstasjonen vere i drift med slepping av så mykje minstevassføring at det tilsvarar mellom 1,4 og 1,7 ved Teita bru. (Det må då takast omsyn til at Myklebustelva kjem inn nedstrøms Teita bru!)

Ruud sitt framlegg betyr at det vert slept nok "padlevatn" 38 – 40 dagar pr. sesong (etter korleis datoane 15.5 og 30.9 "stemmer med" helgane. Dette er mykje meir enn utbyggarane sitt "tilbod" om 5 dagar, og vi er sjølvsagt klår over at dei vil synest at dette er mykje. Det vil føre til at vekeproduksjonen i dei 19 – 20 aktuelle vekene vert redusert med inntil 9,5%. Men til det er å seie, at dette er ikkje positivt berre for padlarane, det er også positivt for landskap, for dei som går tur, for dei som fiskar og for reiseliv. Og det er positivt på dei dagane då det er ekstra attraktivt med høg vassføring, nemleg på dagtid i helgane!

NVE må sjølvsagt vurdere kva som er eit rett tal dagar for slepping av "padlevatn" i løpet av ein sesong. Det er stor skilnad mellom utbyggarane og elvepadlarer sine framlegg, og "kompromiss" kan sjølvsagt vere aktuelt. Ved vurdering av dette, vil vi be NVE om å sjå det i samanheng med kor mykje minstevassføring det normalt skal sleppast om sommaren. Vårt syn er at det då bør sleppast 5-persentil sommar, og ikkje mindre enn det! **Men NVE kan for perioden 15.5 – 30.9 vurdere å sjå på dette som eit vekegjennomsnitt, slik at ein slepper litt mindre vatn gjennom veka, for så å sleppe tilsvarende tal m³ meir vatn i løpet av 8 timar på dagtid kvar laurdag og søndag.**

Ved bruk av litt "kreative", og ikkje nødvendigvis heilt "A4"-løysingar, kan ein få like gode, eller betre, resultat for alle, også utbyggarane. Vi prøver å gje innspel for å få dette til.

Kort om konsekvensar for fisk:

Vi viser til NIVA sin Rapport l.nr. 6215-2011 – Ungfiskregistrering i Storelva, Gloppen kommune, og går ut frå at NVE har fått tilgang til den frå andre høyringsinstansar. Rapporten viser funn av ganske store mengder aureyngel i Storelva, både i den nedste delen av elva, og oppover til forbi inntaket. Funnet av all yngelen er bevis for suksessfull gyting!

Det er sannsynleg, men ikkje 100% sikkert bevist, at storaure frå Breimsvatnet har gytt i Storelva. For å få sikre bevis for eventuell storauregyting, trengs det gjennomføring av ytterlegare undersøkingar i gytetida om hausten. Vi ber NVE vurdere å krevje innhenting av ei tilleggsutgreiing om storauregyting i Storelva. Viss NVE ikkje skulle ønskje å sette krav om ei slik tilleggsutgreiing, ber vi om at NVE, i samband med vurderinga av konsesjonssøknaden, tek utgangspunkt i det som ut frå NIVA si undersøking er klårt mest sannsynleg: **At storaure gyt i Storelva**, og ikkje berre i den nedste delen av Breimsvatnet, slik Rådgivende Biologer hevdar i si utgreiing. Dette må det takast omsyn til både i samband med vurderinga av om det skal giast konsesjon eller ikkje, og – om NVE tilrår konsesjon – i samband med tilrådinga om storleiken på minstevassføringa til ulike årstider, og når det gjeld tiltak for å hindre at yngel frå oppstrøms inntaket som ønskjer å vandre nedover elva, ikkje går gjennom turbinane, men at den i staden kjem seg forbi dammen og vidare nedover elva. Vedrørande det siste, må det som nemnt tidlegare i fråsegna, gjerast etterundersøkingar av tiltaka.

Kort om ureining og EU sitt vassdirektiv:

Vi har merka oss at Storelva på den aktuelle strekninga er ganske kraftig ureina, og at det alt i nosituasjonen må settast i verk tiltak for å tilfredsstille krava i vassdirektivet. Ei eventuell utbygging, vil forverre ureiningstilhøva ytterlegare på den utbygde strekninga. Dess lågare minstevassføring, dess større blir forverringa av ureiningssituasjonen på strekninga.

Vi er merksame på at utbyggarane truleg berre i mindre grad har ansvaret for den kraftige ureininga av elva, og at dei sikkert vil oppleve det som urettferdig om dei skal bli pålagde for stor "belastning" for å betre situasjonen. Men her er ein jo nøydd til å vurdere heilskapen for elva i samband med fastsetting av vilkåra for ein eventuell konsesjon. Viss det skulle bli gitt konsesjon, er det viktig at det vert gjennomført etterundersøkingar, og at det vert laga opningar for å fastsette tilleggsvilkår etter at ein eventuell konsesjon er gitt. Eit aktuelt tilleggsvilkår kan vere auke av minstevassføringa i dei delane av året, kanskje til og med på dei dagane, då ureiningssituasjonen er verst.

Ureining er ikkje vårt fagområde, så vi går ut frå at andre høyringsinstansar, og NVE, vurderer desse spørsmåla mykje grundigare enn det vi kan.

Meir om sumverknadar av mange utbyggingar:

Vi har alt nemnt sumverknadar når det gjeld elvepadling. Men sumverknadar må også vurderast på mange andre fagområde, som biologisk mangfald, fisk, fugl (særleg då vasstilknytt fugl), landskap, kulturminne og kulturmiljø, anna friluftsliv enn elvepadling, og inklusive fiske, etc.

Situasjonen i dag er at så å seie kvar einaste større, ikkje verna elv i Sogn og Fjordane enten er utbygd eller omsøkt for utbygging. Berre i vårt fylke er no kraftutbygging i minst 15 større elvar i ulike fasar av konsesjonshandsaming. Det er altfor mange, og mange av utbyggingane er svært kontroversielle på ulike fagområde. Og i tillegg kjem jo alle småkraftutbyggingane! **Viss NVE skal gjennomføre ei forsvarleg sakshandsaming i denne og andre store kraftutbyggingssaker, er det ikkje nok å sjå på einskildsakene, ein må også sjå på sumverknadane av alle dei store (og små) utbyggingane!** (Vi synest NVE er betre på dette i småkraftsaker enn i store kraftutbyggingssaker.)

No vil vi ikkje hevde at utbygging av Storelva i Breim etter C-alternativet er den verste av alle desse sakene, sjølv om den er kontroversiell. Både Jølstra og fleire andre saker er enda verre! Men Breim kraftverk må også vere med i vurderinga av kva for nokre av dei mange elvekraftverka (og dei magasinbaserte) som no er under handsaming i NVE eller OED, som skal få konsesjon, og kva for nokre som ikkje skal få det!

Dessutan: Sumverknadane av alle utbyggingane i Breimsvassdraget, både i hovudelvane og dei mange småkraftutbyggingane i sideelvane, må også vurderast. Det er eit **stort** tal store og små kraftverk det dreiar seg om!

Og vurdering av alle sumverknadane må gjerast no! Det er alt i ferd med å bli for seint!

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
for SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet
Alvar Melvær (sign.)

